

Kan lagerkrise for laga løysast???

20.11.2006

Nokre av laga i bygda opplever det som svært vanskeleg, ja, det har vist seg omtrent umogeleg å få tak i lagerrom i bygda. Dette gjeld i særleg grad dei to musikkorpsa, men vi kjenner og til andre lag som har behov for lager.

Før ombygginga til Uskedal Brygge hadde begge musikkлага lager for instrument, uniformer, faner, gamle notar og anna materiale i det gamle telegrafbygget. Til saman representerer nok eignelutane til dei to laga verdier i millionklassen.

Etter at dei måtte flytta ut derfrå på kort varsel, har det vist seg vanskeleg å finna nye, eigna lokale. Då Aktivitetshuset vart bygt, hadde ein store forventningar til at problemet skulle verta løyst der. Utsiktene var gode, men det viste seg etter kvart at ventilasjonsanlegget tok all plassen som ein var lova skulle verta sårt etterlengta lagerplass.

Det vart prøvt å tak i lagerplass m.a. ved at dei to korpsa gjekk saman om å senda ut flygeblad til alle husstandar i bygda. Dei fekk ikkje den ønska responsen på dette.

Dermed hadde begge korpsa ein periode midlertidig lager i 2. etg. i gamle S-laget. Då arbeidet starta der, var skulemusikken heldige og fekk flytta sitt til galleriet i Vonheim på Haugland. Dette er jo ikkje eigna lagerplass, men er til sær god hjelp i den situasjonen som oppstod.

Musikklaget har framleis sine ting på gamle S-laget sjølv om dei burde vore ute derfrå for lengst. Det seier seg sjølv at dette ikkje kan halda fram særleg lenger, for der føregår for tida hektisk ombyggingsaktivitet.

Etter at konditoriet slutta av i gamleskolen, har det vorte kasta fram ein tanke om at loftsetasjen der burde nyttast til lagerplass for laga i bygda. Ungdomsklubben som no held til på loftet, kunne då flyttast ned ein etasje m.a. på grunn av branntryggleikssyn. Det høyrer ut som ein god tanke. Det ville hjelpa til å ta vare på dei store bygdeverdiene som eignelutane til laga representerer. Men blir det løysinga??

Dersom nokre kjenner til andre løysingar på problemet, må dei vera greie å ta kontakt med materialforvaltar Lars Myklebust eller andre i musikklaget. Det hastar, og alle tips er gode tips!!

Av Thor Inge Døssland